

Innspel til budsjettet 2024 og økonomiplan 2024-2027
Forslag frå Sverre Bugum – samrøystes vedteke i eldrerådet 28.09.2023

I samsvar med budsjettprosessen slik denne er vedteken i kommunestyret, har kommunedirektøren bede om innspel frå utvala til budsjett 2024 så vel som økonomiplan 2024- 2027.

Dette er Øygarden eldreråd sitt innspel.

Kommunedirektøren presiserer at det er viktig at innspela er kopla opp mot hovudmål, delmål og strategiar i samfunnsdelen i kommuneplanen. Eldrerådet følgjer oppmodinga og er særleg oppteke av at utviklinga skal gå mot at:

1. Øygarden er ein god stad å bu
2. Innbyggjarane i Øygarden har god livskvalitet

Gjennom dei 4 siste åra har eldrerådet gong på gong peika på at tilboda om tenester må nå likeverdig ut til alle, at trivsel i bygdene føreset god mobilitet, at heimebaserte tenester må styrkast og at vi manglar sjukeheimplassar. Like eins treng vi gode tilbod innan kultur og fritid. Utfordringa har heile tida vore å finne fram mot løysingar som «tek heile kommunen i bruk»

Framlegg til innsparing. Eldrekollektiv ute i grendene

Utvala vert utfordra på å presenterer gode idear som kan gje oss reduserte utgifter. (korleis inntekter kan aukast, må nok andre ha tankar om)

Eldrerådet har eit framlegg som vi har presentert tidlegare, nemleg alderskollektiv spreidde rundt i grendene våre.

Satsing på eldrekollektiv kan summert opp bety:

- Eit tilbod som er kunnskapsbasert, frå einsemd til fellesskap. Eit velfungerande kollektiv må gje stor valfridom mellom fellesskap (måltid, opphaldsrom, hage) og privatliv.
- Eldrekollektivet må ligge på eit nivå økonomisk som gjer at dei som skal bu der, ikkje treng tung finansiering utover egne midlar (t.d.sal av eigen bustad).
- Kommunen sparer utgifter til helse- og omsorg fordi buforma og fellesskapet held folk friskare.
- Ressursbruken i heimesjukepleie og heimehjelp vert meir effektiv.

Vi viser gjerne til Danmark som er eit føregangland når det gjeld bustadløyningar for seniorar. Eit avgjerande argument for mange danske kommunar har vore auka trivsel i fellesskapet samstundes med økonomiske gevinstar.

Eldrerådet rår til :

at det i budsjettet for 2024 vert sett av midlar til å starte opp eit prosjekt som handlar om eldrekollektiv i grendene. Dette bør gå inn som ein del av arbeidet med etterbruk av tomme kommunale (og gjerne også private) bygg som vi finn rundt om i kommunen.

Mykje tyder på at minst halvparten av seniorar i aktuell alder kan tenkje seg (ser positivt på) å bu i eit kollektiv. Overført til Øygarden vil eit slikt tal omfatte nokre tusen menneske spreidde ut over kommunen.

Kommunen vår har ein stor del av busetnaden i byggefelt. Mange einbustader høver godt for barnefamiljar, men vert meir til byrde enn til glede når det berre er to, stundom eitt menneske tilbake. Eldrekollektiv vil vere eitt av fleire aktuelle alternativ for desse. Eit anna er som kjent å gjere

eige hus meir aldersvenleg. I vår kommune har også sal av eigen bustad og kjøp av sentrale mindre husvære, blitt vanleg.

Omsorg for dei svakaste. Institusjonsplassar

Som vedlegg til saka om budsjettinnspel, fann vi eit dokument med tittel «Langsiktig driftsanalyse og investeringsplan». Dokumentet vart etter det vi skjønner, presentert på kommunen si strategisamling 13.juni 2023.

Der finn vi ei samla oversikt over behovet for investeringar i eit 20- års perspektiv. Som eitt av fleire døme på slik behovsanalyse, har kommunedirektøren valt Helse og velferd.

Det startar med ei framstilling av befolkningsutviklinga som viser at om 10 år vil det bu 7759 menneske over 67 år i kommunen, medan talet i dag er 5629.

Se vi nærmare på tala for dei eldste, så vil vi om 10 år har meir enn 5000 i alderen 67-79, mot 4200 i dag.

I 2033 vil det bu meir enn 2000 i alderen 80- 89 og talet på 90+ vil vere nær 400 mot litt over 200 i dag.

Så kjem vi til omsorg for dei svakaste eldre. (Sjukeheimar og andre heildøgns omsorgsplassar.) Ein tabell viser behov for heildøgns omsorg rekna ut frå to ulike dekningsgrader. Tabellen fortel ikkje kva aldersgruppe prosentane 19 og 16 er rekna ut frå. Men litt rekning på eiga hand fortel oss at utgangspunktet er 80+ (alle over 80 år).

Heilt frå offentlege sjukeheimar avløyste dei tidlegare gamleheimane, så har det vore ein tommelfingerregel at behovet for sjukeheimsplassar vert estimert i prosent av innbyggjarar over 80 år. 20% har vore vanleg. Etter kvart som heimebaserte tenester vert utbygde, kan denne prosenten reduserast noko. Men det har aldri vore noko slags lovfesta regel eller krav, berre ei omtrentleg rettesnor.

Ut frå tala i tabellane over befolkningsutviklinga, ser vi at dekningsgradene 19% og 16% skapar eit behov på rundt 500 (19%) og 400 (16%) heildøgns plassar om 10 år.

Den vedtekne gjennomføringsplanen legg opp til 274 plassar som skal dekke behovet fram mot 2030, 6 år framme i tid. Med dekningsgrad på 16 prosent, trengst det 350 plassar og med 19% dekning vert behovet meir enn 400. Dei 274 plassane som gjennomføringsplanen opererer med, gjev ein dekningsgrad på 12,5%.

Ut frå dette talmaterialet ser vi at 274 plassar fram mot 2030 er dramatisk for lite.

- Merknad: Når tala stundom er nøyaktige og andre gonger avrunda, så skuldast dette bruket av kjeldemateriell frå SSB (nøyaktige) og kommunedirektøren sine tal (avrunda).

Vi finn ingen sjukeheim på den langsiktige investeringsplanen (som altså berre er eit døme) dei første 10 åra. Først då er det ført opp ein ny institusjon på Straume. Eit 10-år seinare også ein på Ågotnes.

Om reknestykket på noko vis skal gå opp, må behovet for sjukeheimsplassar sterkt reduserast. Planen nemner:

- Styrka heimetenester – sjef i eige liv
- Førebygging og helsefremjing
- Samskaping
- Teknologi

Sagt på anna vis, dei eldre skal få hjelp i heimen der dei også skal bu lenger.

Lista over gode tiltak kan sjølvsagt gjerast mykje lengre. Varm mat, gode aktivitets- og kulturtilbod, seniorsenter, alderskollektiv berre for å nemne noko. Felles for alle desse tiltaka er at effekten ikkje kan målast. Det ligg til rette for fri synsing.

Den viktige avlastinga

Situasjonen for institusjonane ville ha vore ille nok jamvel om langtidsopphald hadde vore oppdraget åleine. Men avlasting for dei som strevar med tungt omsorgsansvar i heimen kjem i tillegg og med aukande styrke. Slik avlasting skjer i praksis mest berre ved at den sjuke/ skrøpelege eldre får tildelt korttidsopphald som gjev dei pårørande eit pusterom.

Logisk nok vil behovet for avlasting auke i takt med at fleire omsorgstrengjande får helsehjelp i eigen heim fordi terskelen for institusjonsplassering vert høgare.

Særleg ille vert det når eldre med framskriden demens-sjukdom må vere i eigen heim i 2 eller 3 veker for så å få eit korttidsopphald på sjukeheim, også det i eit par veker. Pårørande vert pålagde/tek på seg urimelege byrder med ansvar døgnet rundt for ein ektemake som treng hjelp til alt. Det hjelper litt at heimesjukepleiar stikk innom nokre gonger i døgnet, men hovudbyrde og ansvaret ligg like fullt på dei/den pårørande. Vi veit at mange slit tungt og har det strevsamt vondt.

Bu trygt i heimen

Eldrerådet er oppteke av at eldre som bur åleine i eigen heim, eller som har pårørande som er borte på dagtid, er i stand til å komme seg ut med eiga hjelp. Dersom dei ikkje maktar det, må dei ha eit tilbod om trygt bualternativ. I praksis vil det seie plass på institusjon.

Det lokalmedisinske senteret

Det lokalmedisinske senteret på Straume rommar mange viktige tilbod, mellom anna korttidsopphald for pasientar som treng litt god pleie før dei er tilbake til eigen heim. Men mangelen på sjukeheimplassar har gjort senteret til sjukeheim der opphalda vert lengre enn det som var føresetnaden.

Eldrerådet sine råd er no som følgjer:

Øygarden kommunen startar snarast opp planlegging av nye institusjonsplassar innan helse og omsorg.

Det trengst ein ny gjennomgang av alle tilbod innan omsorgstenesta («omsorgstrappa») Omsorgsbehovet på ulike nivå må sjåast i samanheng og med fellesskap som berande idé.

Planlegginga må omfatte og ta opp i seg nytenking og erfaring frå kommunar (innlands så vel som utlands) som har prøvd ut nye vegar.

Ulike modellar for lokalisering av nye tilbod vert vurderte.

Det må vere eit sentralt siktemål å utvikle tilbod som opnar for opplæring og kompetanseheving for dei tilsette.

Talet på eldre over 80 vert dobla i løpet av få år. Det skal ikkje kommunen svare for. Men det trengst nye og omfattande tiltak for å hindre alvorleg krise i eldreomsorga. Det er kommunen sitt ansvar.